



Nummer 4

Kyrkjeblad for Øygarden

September 2014

41. årgang



10

## Nytt team er i gong




### Karstein Pahr

-er forstandar i pinsemenigheten Sion, som driv omsorgssenter på Tjeldstø.

16

- 3 Andakt ved prest Lars Arne Vik
- 4 Populær eldretur
- 5 Etter konfirmasjonstida, kva så?
- 8 K2 og babyson

# Fast givarteneste – under budsjett



Fast givarteneste er naudsynt for å halda oppe aktivitetsnivået i kyrkjelyden. Rammeoverføringa for 2014 frå Øygarden kommune er 210 000 kr. lågare enn i 2013. Gåver til arbeidet er difor særleg viktige.

Det er nokre trufaste givarar, men me treng fleire. Figuren viser utviklinga i innkomne beløp, på fast givarteneste. Målet for fast givarteneste er 120 000 kr i 2014. Prognosene viser 90 000 kr. Alle innsamla midlar er primært retta mot barne og ungdomsarbeidet.

Takk til alle som gir, både fast og som offer i kyrkjene.

## Kyrkja og økonomi

Øygarden kyrkjelege fellesråd handsamar budsjettet for 2015 i møte i september. Budsjettforslaget vert oversendt Øygarden kommune og eit endeleg budsjett vert vedteke i januar 2015 når ramma frå kommunen er kjent.

I all hovudsak vert aktivitetsnivået i 2014 vidareført inn i 2015. Nytt i 2015 er trusopplæringsmidlar som dekkar 80 % stilling til kyrkjelyds-pedagog. Denne stillinga er 100% og resten må finansierast lokalt. Det same gjeld ungdomsteamet.

I 2014 har fellesrådet måttå bore ekstrakostnadane som det i utgangspunktet ikkje var budsjettdekning for, som t.d. nytt kjøleaggregat i Blomvåg bårehus og nytt telefonsystem til kyrjekontoret. Tidlegare underskot er og dekka inn.

## Kåre Kristoffersen



Kåre Kristoffersen (66) er sist ute i vår presentasjon av staben. Han er kyrkjeterar og kyrkjegardsarbeidar i Blomvåg og starta tenesta si i Blomvåg kyrkje på sjølvaste 17. mai i 1994. Svein Morland var prest og dåverande leiar i soknerådet Magnus Torsvik lærte han bruken av kyrkjeklokken. Då med tau. I dag styrer automatikken.

På den tida fekk ein og tilsettingsbrev frå biskopen som vart lest opp i gudstenesta.

Kåre er ein trufast medarbeidar og møter menneske både i glede og sorg. Mykje diakonalt arbeid vert gjort i møte med menneske, enten i kyrja eller ute på kyrkjegarden.

Han er ivrig skøyteløpar (oldboys) og syklist.



## Kjære lesar!

Det er haust og det pregar dette bladet. Alle aktivitetane som har lagt i dvale i sommar startar opp att. Slik er det og med det kristne arbeidet. Blar du bakover i bladet ser du ei rekke tilbod utover hausten. Tilboda er tufta på eit kristent grunnlag og verdisyn.

Det nye ungdomsteamet er i arbeid. Det flott å oppleva at unge menneske søker til denne tenesta.

Teamet er presentert i bladet.

ØyNytt er 40 år og denne gongen er det tidlegare redaktør Lars Arne Vik som har andakt. Han er no prest i Øystese. Lars Arne var med og fornya bladet. No er bladet på nytt fornya. ØyNytt har vist seg levedyktig og byggjer på same grunnlaget som då det vart starta.

Den norske kyrkja er tilført trusopplæringsmidlar frå staten. Desse pengane skal ikkje erstatta kommunale kroner, men kjem som eit supplement. Midlane set oss i stand til å fornya og auka tilboda innanfor trusopplæringer. Eit døme på dette er at me vil prøva ut eit tilbod med BABYSONG.

Det er eit stort konfirmantkull og det vert eit spennande år fram mot våren 2015. Me satsar og på dei unge etter konfirmasjonen gjennom opplegget K2.

Me inviterer (side 3) til Visjonskveld fredag 12. september. Hovudoverskrifta er: Kva er kyrkjas oppdrag og korleis fullføre det? Det er eit interessant program. Dette er eit ope arrangement med påmelding.

Ha ein fin haust!

Olav Martin Vik  
Redaktør

# Litt er meir enn ingenting

Ein eldre mann gjekk sin vanlege morgontur langs stranda. Langt vekke såg han noko merkeleg, ein gut som bøygde seg ned heile tida, tok eit eller anna handa som han så kasta på havet. Den eldre mannen undra seg litt over kva dette var for noko og sette opp farten, slik at han kunne nå att guten. Då han kom nærmare, såg han at guten plukka opp sjøstjerner som bokstavleg tala hadde stranda på stranda og kasta dei ut att i havet. Det låg fleire hundre sjøstjerner på stranda.

Den eldre mannen spurte guten: «Kvífor gjer du dette? Du kan ikkje redda alle desse sjøstjernene. Det du prøver på, gjer ingen skilnad.» Guten såg på han, tok ei ny sjøstjerne og kasta den attende i havet. Han snudde seg mot den eldre mannen og sa: «Kanskje eg ikkje kan redda alle, men for sjøstjerna eg no kasta ut i havet gjer det ein stor skilnad. Den vil framleis leva!»

I møte med utfordringane kan me kjenna oss makteslause. Kva kan vel eg gjera? Det er så mange. Og så mykje. Men ingen kan gjera alt, alle kan likevel gjera noko. Litt er meir enn ingenting!

På bedehuset song me: «Gjør det lille du kan». Haldis Moren Vesaas seier: Det hjelper da litt, nokre få forfrosne, at du er varm.» Meisteren sjølv «la òg merke til ei fattig enkje som gav to små koparmyntar. Og han sa: 'Sanneleg, eg seier dykk: Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre. 4 For alle dei andre la gåver i kista av si overflod, men ho gav av sin fattigdom alt det ho hadde å leva av.' Luk 21,2–4.

For litt er meir enn ingenting! Lukke til med smått og stort!

Lars Arne Vik



## Visjonskveld 12. september

**Tekst:** Espen Sigve Tveten

Kva er kyrkjas oppdrag og korleis fullføre det? Det er eit stort og viktig spørsmål me har tenkt å sjå nærmare på fredag 12. september kl. 18.00 i Blomvåg kyrkje. Me inviterer til ein visjonskveld for kyrkjelyden i Øygarden. Me vil sjå på trusopp-læringa sine moglegheiter og kva som motiverer til frivillig innsats.

Det er mange som er med i kyrkjene og legg ned mykje fridit der. Me ønskjer å verdsette alle som deltek og som vil at kyrkja skal bety noko positivt i kommunen. Me ønskjer å inspirere til fortsatt teneste.

Arrangementet er ope. Du treng ikkje ha ei uløna oppgåve

i kyrkja no for å koma, men dele ønske om at me gjennom ord og handling skal få dele den gode bodskapen om Jesus til mange.

Arrangementet er frå tiande klasse og oppover. Det vert undervisning, song, samtale, lett underhaldning, varm mat, kaker og kaffi. Det er fri entre. Me treng at alle melder seg på. **Frist for påmelding er mandag 8. september på 56 38 22 40 eller til e-post: kontor@kyrkja.net.**

Gå ikkje glipp av dette! 12. september kl 18.00 Blomvåg kyrkje.



Ein flott gjeng på tur

# POPULÆR TUR FOR ELDRE

Eldretreffa i Hjelme og Blomvåg arrangerer ein årleg dagstur. Turen er populær med mange deltakarar. I år gjekk turen til Sund.

**Tekst:** Else Austbø (for arrangementskomiteen) **bilete:** Karstein Fjeldstad

På denne onsdagen, 11. juni, vakna me opp til gråver og kraftige byger, men vervaslinga varsla betring utover dagen. Slik vart det.

I år gjekk turen til nærområda våre. Me vitja Sund kommune med nesten full buss. Me fekk med oss ord for dagen og kjende og kjære songar understreka turmodus for passasjerane. Gamlepressten, Svenn M., var invitert og kom på Ågotnes.

## Telavåg

KL. 11 vart me mottekne på Nordsjøfartsmuseet i Telavåg. Eksotisk flo-byge følgde oss frå bussen og til døra. Diverre vart nokre litt våte og stemninga dalte ei kort stund. Men ytterkleda kunne takast av og tørka medan me var der i 2 timer. Først var det film om Telavåg-tragedien under krigen. Mange hadde sett han før, men bodskapen om menneskelagnader i krig gjer alltid inntrykk.

Så fekk me rundstykke og kaffi og drø-

sen gjekk høglydt slik me likar det. Museet hadde 2 utstillingar, ei frå Telavåg og ei frå England. Her var mykje interessant å sjå og å lesa.

## Glesvær

Neste stopp var Glesvær med si interessante historie. Me var så heldige at Leif Algrøy hadde skaffa oss den beste guiden. Arne Olav Nilsen fortalte med alvor og skjemt. Han har vore ordførar i Sund i mange år og kunne mykje om sundpolitikken, geografi, levevegar og folkelynne. Han følgde oss til Glesvær og tilbake til Kausland kyrkje. Der vart me møtte av prest Børnes. Han orienterte om kyrkja og heldt så ei kort andakt. Me fekk og syngja til hans tonefølge på piano.

## Panorama hotell og middag

Siste stopp var middag på Panorama, dette fine moderne hotellet med utsikt mot sjøen. Me var der i 2 timer frå kl. 3–5,

og kunne nyta både mat og omgjevnader. Heimturen gjekk gjennom Klokkarvik og nordover på austsida av Sotra. Her er frodig og idyllisk på denne årstida. Sola hadde no overtaket på himmelen og solbrillene laut fram.

Enno ein vellukka eldretur var i hamn og opplevingane kunne lagrast på kvar einskild sin harddisk. Berre godlæte å høyra i bussen. Takk til alle positive ytalar.



Svenn Martinsen

Espen Tveten

## Konfirmert. Kva så?

Det er ei flott oppleving å møte eit fersk konfirmantkull. Dei er spente, usikre og nysgjerrige. Men året går fort og brått er dei ikledd kvite kappar og er konfirmerte. Det er vår von at me klarer å gje konfirmantane ei god åndelag ballast med på ferda vidare i livet. Ulike målingar på landsplan syner at kyrkjene sitt konfirmantopplegg får svært gode tilbakemeldingar.

Men så møter me på ei stor utfordring. Kva med tida etter konfirmasjon? Me ønskjer ikkje at konfirmasjonssonndagen skal være tenåringsens siste (obligatoriske) møte med kyrkje og kristen tru. Me ønskjer ikkje eit «adjø», men eit «me sjåast snart igjen».

### **Kvífor ønskjer me at konfirmantane skal fortsette med aktiv deltaking i kyrkja?**

Me må ta dei unge si tru på alvor. I konfirmanttida merker mange at trua blir vekt og utvikla. Då er det viktig å få tid nok til å lande trua og få moglegheit til å vekse meir inn i den. Det trengs meir enn det eine året. Skal ei tru bli slitesterk, må ein ha tid til å reflektere sjølv, ikkje berre ta over trustradisjon frå andre. Det betyr ikkje at gamle sanningar ikkje er gyldige lenger, men ting ein får tredd ned over seg er det lett å kvitte seg med.



Foreldre er viktige når det gjeld borna si tru. Det er viktig at tenåringen vert gjeven rom til å ha åndelege spørsmål og erfaringar. Er foreldra positive til kristne ungdomsmiljø, har det betydning for om barnet vil delta i det.

Eit kristent fellesskap har mange positive effektar. Me lever i eit nådelauast samfunn. Verda er i ubalanse og me ser mykje rått og brutaltt rundt oss. I tillegg er me nådelause mot oss sjølve. Me samanliknar og har fokus på alt me ikkje får til. Dette gjeld og unge menneske. Dei har nådelause krav retta mot seg frå mange kantar. Me treng fellesskap som kan motverke dette. Gode kristne fellesskap vil på sitt beste gje unge menneske tryggleik og stadfesting, både frå andre menneske og frå Gud. Eit møte med ein nådefull Gud og eit fellesskap utan fokus på prestasjoner er medisin i rette tid for samfunnet vårt.

I Øygarden har me gode tilbod for ungdommar. Nytt av året er «K2», eit skreddarsydd opplegg for fjorårets konfirmantar. Me håpar mange vil slutte opp om det og andre tilbod og at «me sjåast snart igjen»

*«I Øygarden har me gode tilbod for ungdommar. Nytt av året er «K2», eit skreddarsydd opplegg for fjorårets konfirmantar. Me håpar mange vil slutte opp om det og andre tilbod og at "me sjåast snart igjen»*



Arne Pareli Pedersen (t.v) Knut Svein Dale (t.h)

## Konfirmantjubileum med Pareli og Dale

Søndag 14. september kl. 11 er det gudsteneste med konfirmantjubileum i Blomvåg kyrkje. Då kan du høyra songaren Arne Pareli Pedersen og forkynnaren Knut Svein Dale.

Dette skrev avisas Dagen i februar 2014: «Pareli Pedersen er ikke bare et supertalent. Han er også sangevangelist, ansatt i en 20 prosents stilling i Indremisjons forbundet».

Knut Svein Dale har vore forkynnar på Sørlandet i mange år. Han kjem frå Dale i Øygarden. Du kan lesa om han i ØyNytt nr 1/14.

50-års konfirmantjubileet vil sjølvsagt prega gudstenesta. Liturg er sokneprest Espen Sigve Tveten.

Offeret går til Jinka i Etiopia. I mange år har Øygarden kommune og elevane ved Øygarden ungdomsskule gitt økonomisk stønad til hospitalet i Jinka. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Norad og Norsk Luthersk Misjonssamband.

## Sjåførar

Det er eldre som ikkje kan køyra sjølv og folk frå andre land som enda ikkje har fått sertifikatet. Det er ikkje så lett å få sertifikat i Noreg sånn utan vidare. Difor ønskjer kyrkja i Øygarden å få på plass eit frivillig mannskap som kan forplikte seg til å bringe folk til og frå kyrkja i forbindelse med gudstenester. Kan du vera sjåfør eit par gonger i semesteret? Ring kyrkjekontoret tlf. 56 38 22 40.

## Kristen sjelesorg

Temakveld på Blom bedehus torsdag 11. september kl. 18.30

**Tema:** «Kristen sjelesorg – omsorgsteneste og makt»

**Foredragshaldarar:** Øystein Rønhovde og Undis Bergås frå Sjelesogsenteret på Haraldsplass.

Sjelesogsenteret er ein del av Samtalesenteret ved Haraldsplass. Samtalesenteret samlar det som har vore Senter for livsmestring, Sjelesogsenteret, Senter for relasjonsutvikling (ved Haraldsplass Diakonale Høgskole) og Senter for retreat og åndelig utvikling.

**Matpause.**

**Arrangementet er ope for alle! Slutt kl. 21.30.**



## Eltretreffhausten 2014

Hjelme kyrkje kl 16.45 17.september	Blomvåg, Tednebakkane oms.senter kl. 16.30 18. september
15.oktober	16. oktober
19.november	20. november
10.desember	11. desember

## PREP - kurs

**I Fjell kyrkje, kyrkjelydssalen** kl. 17.30 – 22.00. Middag kl. 17.30.

**Undervisning** frå kl. 18.00.

Måndag 27. oktober, måndag 3. november, måndag 10. november.

**Pris kr. 1500 pr par (middag inkludert)**

**Påmelding til:** Diakonimedarbeidar Bjørg Blom, tlf 478 16 181, eller e-post: diakon@kyrkja.net

Kommunikasjonskurset PREP kan hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt og gir par verktøy til å betra kommunikasjonen. Det er både humor og alvor på kurset. Det er ikkje gruppearbeid.

**Arr: Den norske kyrkja**

355  
0195

Bak frå venstre: Kristen Olai Fjeldstad, Karstein Magne Pahr, Johannes Martin Nakken, Kåre Johan Alvheim, Nils Johan Sæle, Harald Svellingen, Ingolf Reidar Svellingen, Roald Svellingen, Thorleif Birger Hellesøy  
Framme frå venstre: Reidun Margrete Halvorsen, Inger Margrete Solbakk, Kirsten Johanne Kausland, Margun Haldis Alvheim Tveit, Ingebjørg Solbakk, Bjørg Knutsen.

## Samlingar på INRI – Rong bedehus

### Søndagar kl. 16.30

#### Søndagsskule og Søndagsring

- 24. august** – tale v/ Ingrid Torsvik/ Åpne dører
- 7. september** – tale v/ Gunstein Nes
- 21. september** – tale v/ Torgeir Skrunes
- 2. – 5. okt** – møteserie med Viggo Wilhelmsen – sjå oppslag seinare ang. stad
- 19. okt** – samling
- 1. nov kl. 18.00** – Syng med øss- kveld, i Kulturhuset
- 2. nov** – tale v/ Asle Hetlebakke
- 16. nov** – tale v/ Olav Vindenes
- 28. – 30. nov** – møtehelg med Kenneth Foss
- 7. des** – andakt v/ Christian Skoge- Adventsfest – utdeling av biblar til 5 åringar

**Etter kvar samling er det kvelds i kjellaren med gode rundstykker.**

**Små og store er hjarteleg velkommen!**

## Vik bedehus – hausten 2014

Eit utdrag av programmet

#### Storsamlingar søndag kl. 11.00

- |                      |        |
|----------------------|--------|
| 24.8.                | 2.9.   |
| 7.9.                 | 16.9.  |
| 5.10.                | 30.9.  |
| 19.10.               | 14.10. |
| 2.11.                | 28.10. |
| 16.11.               | 11.11. |
| 30.11. Adventsamling | 25.11. |
| 14.12.               | 9.12.  |

#### Bibeltimar tysdag kl. 19.30

- |        |
|--------|
| 2.9.   |
| 16.9.  |
| 30.9.  |
| 14.10. |
| 28.10. |
| 11.11. |
| 25.11. |
| 9.12.  |

For meir informasjon og andre tilbod: <http://vik.bedehus.no/>

## Ola Hovdens Legat

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning.

«Under elles likevilkår skal dei gå føre som tek siktet på høgare utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, med rekna slik som gjev praktisk utdanning» (sitat statuttane)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under «søknadsskjema» ([www.oygarden.kommune.no](http://www.oygarden.kommune.no))

Søknadsfrist er 31 oktober 2014

- styret -

# Barne og ungdomssidene



F.v.: David Amenya, Ingeborg Børve Skjold, Matilde Solsvik, Emilie Skjold, Cecilie Borsholm Vik, Ole Martin Solsvik.



Frå overnattning i Blomvåg kyrkje.

## Fjarårskonfirmantar med vidare

11. mai var årets siste konfirmasjonsrådstene. Konfirmantane var ferdig med eit innhaldsrikt år og mange syns det var trist at det no var over. Men det treng det ikkje vera!

**Tekst:**Hogne Berland **Bilete:** Hogne Berland og Espen Tveten

I haust startar nemleg K2 i Kyrja i Øygarden. K2 er eit nytt opplegg for dei som har vore konfirmant og som ønskjer å vera med eit år til. K2 vil både vera undervising, samtalar og praksis som medhjelpar i ein barneklubb, på

leir eller anna. I tillegg blir det mykje moro og sjølvsgått ein tur.

Cecilie Borsholm Vik, Matilde Solsvik, David Amenya, Ole Martin Solsvik, Ingeborg Børve Skjold og Emilie Skjold er nokre av dei 21 som har meldt seg

på. Alle er einige om at konfirmantåret har vore eit kjekt år. «Det har vore både gøy og lærerikt», synes Matilde. «Eg har fått reflektert over viktige ting i livet og fått læra meir enn det eg har med frå søndagsskulen.» Ingeborg synes også det har vore kjekt å ha litt dagsaktuelle tema i undervisninga og sjå at dette også har med trua å gjere.

«Då eg høyrde at det var mogleg å melde seg på K2, berre gjorde eg det automatisk. Det føltes naturleg å vera med vidare», seier Cecilie. Emilie er einig. «Vi har liksom vorte ein flokk med eit



### Hogne har ordet

I Bibelen står det at Gud kjenner oss. Tenk på kor mange menneske det fins. Og av alle desse så kjenner faktisk Gud deg personleg. Jeremia i Bibelen fekk denne beskjeden av Gud: «Før eg dansa deg i mors liv, kjente eg deg.» Stilig? Gud kjenner oss allerede i utgangs-

punktet. Så kan vi kan få lov å bruke tida vår her til å bli kjent med han.

Gud sjølv kom til oss gjennom Jesus for at vi skulle få kjenna han og tru på han. Og han ønsker å passe på oss. Jesus seier i Joh. 10,14: «Eg er den

gode gjetaren. Eg kjenner mine og mine kjenner meg.»

No er det ny haust på gong. Eg vil oppfordre deg til å bruke året til å bli betre kjent med Jesus. Gå på stader der du får høre meir. På gudsteneste,

# Kva skjer?



Ane Marte i teamet og Isabell Dale Heggøy.

## Leirar Skjergardsheimen

21.–23. nov: 3.–4. klasseleir  
5.–7. des: 6.–7. klasseleir

## Refuel - Rong bedehus

5. sept.	Kick off. Andakt: Hogne Berland
19. sept.	Andakt: Sindre Kvalheim
3. okt.	Andakt: Viggo Wilhelmsen
17. okt.	Godhet spesial!
31. okt.	Olav Vindenes
14. nov.	
28.–30. nov.	Ungdomsmøtehelg m/ Kenneth Foss
12. desember:	Refuel og KRIK julebord. Andakt: Espen Tveten.

## KRIK - Toftøy skule

26. september:	Oppstart
10. oktober:	
24. oktober:	
7. november:	
21. november:	
5. desember:	
12. desember:	Refuel og KRIK julebord

godt miljø som eg har lyst å vera saman med også neste år.» Alle seier at det sosiale har mykje å sei. David meiner det var kjekt å vera konfirmant og no vil han ha den same opplevelsa eit år til. Samstundes meiner dei at det er viktig at dei får moglegheit til å verta betre kjent med Jesus. «Ein må jo ikkje gå på K2 for å treffa Jesus, men her får vi sjansen til å læra meir og det er bra!» avsluttar Ole Martin.

møte, ein klubb? Og kanskje du kan prøve å lese litt i Bibelen? Eller kva med å bruke litt meir tid på å snakke med Jesus i bønn?

Tenk at vi kan både kjenne Gud og vera kjent av Gud. Det er slett ikkje verst!

## Babysong i Kyrkja

Til hausten vil vi starte opp med babysong i Kyrkja. Babysong er retta mot born i sitt fyrste leveår. Musikk og rytme er viktig for barnet si utvikling og ein flott måte for barnet å utfalda seg på. På babysong vil ein få praktisert litt kristne barnesongar og få gode tips til å ta med seg heim. I tillegg håpar vi dette kan verta ein fin møteplass for foreldra. Ansvarleg for det nye opplegget er Kari Sandøy Rong. Dei som er i målgruppa vil også få brev i posten før vi startar opp.

# Nytt team i gong

3 jenter er klare for teamteneste i Øygarden dette skuleåret. I løpet av året skal dei innom kyrkjene og bedehusa våre og få mange ulike oppgåver og utfordringar. Maria Markussen og Maria Vårvik er nye og gler seg til å treffe ungdomane og borna.

**Tekst:** Hogne Berland **Bilete:** Marta Leodo

Dei to jentene, som det bør vera enkelt å hugsa namnet på, har aldri vore i Øygarden før. Maria Vårvik er frå Randaberg utanfor Stavanger. Maria Markussen er frå Videbæk i Danmark og avslører at ho nok ikkje hadde hørt om Øygarden før ho søkte på stillinga som barne- og ungdomsarbeidar.

Begge har hatt lyst til å bruke eit år i ei slik teneste, men seier at det var tilsynelatande tilfeldig at dei endte akkurat i Øygarden. Dei fann ei stillingsannonse, syntes det høyrdes spanande ut og sökte. Stillingane er det Norsk Luthersk Misjons-samband som lyser ut. Dei har samarbeida med Kyrkjå i Øygarden i ei årrekke og er dei som skaffar nytt team kvart år.

Jentene kom til Øygarden den 15. august. Den første helga i Øygarden tilbrakte dei på Skjergardsheimen. Då vart det litt tid til teambuilding saman med Espen og Hogne frå kyrkjestaben og Marta Leodo som er sjefen deira i NLM Ung. I tillegg vart det tid til litt sightseeing i Øygarden og kanotur i svært skiftande vestlandsver, utan at det såg ut til å setta ein støkk i nokon av dei. På søndag kveld flytta dei inn det som etter kvart har vorte kalla «teamhuset» på Torsvik.

«Eg har lyst til lære meir om korleis Gud arbeider og om meg sjølv», seier Maria Vårvik på spørsmål om kva forhåpningar ho har for året. Det har ho også brukt det siste året på. Etter 3 år på Lundeneset VGS har ho i vår vore fem månader på TEFT, NLM sin bibelskule i Kenya. «Her fekk vi innblikk i kvardagen for misjonærane og samtidig god bibelundervisning. Det var eit kjempeflott halvår.»

Maria Markussen er nettopp ferdig med gymnaset og hadde lyst til å reise til Noreg eit år. «Etter å ha sökt på litt «vanlege» jobbar, fekk eg tips om denne stillinga og sökte. No er eg sikker på at det var dette eg skulle. Eg synes spesielt det høyrdes kjekt ut å jobbe i eit team saman med andre.» Ho synes det er litt skummelt å flytte til eit anna land der ho ikkje kjenner nokon, men seier førsteinntrykket er veldig bra. «Folk verkar hyggelege her. Eg har vore litt usikker på om alle vil forstå språket mitt, men det ser ut til å gå bra!»

Jentene har begge planar om å studere til neste år, men kvifor startar dei ikkje med det allereie i år? Kva er motivasjonen for å bruke eit år her i Øygarden? Maria Vårvik seier at ho ikke ser på det berre som ein jobb. «Det vert eit år i teneste. Eg vil vera med å bygge Guds rike her. Det er det viktigaste av alt.» Maria Markussen seier seg einig. «Det gjer god meinung å bruke eit år slik som dette. Eg håpar eg kan vera med og gjera ein forskjell og ønskjer å tene Gud i mitt arbeid her. Då trur eg også det vil gje meg noko personleg.»

Maria og Maria vert ikkje åleine i teamet. Dei får nemleg med seg Ane Marte Mikalsen som mange vil kjenne frå før. Ho har allereie vore med eit år i teamet og kan bidra med verdfull erfaring når dei nye skal i gong med arbeidet. Ho startar 1. september. «Eg syns vi var så godt i gang at det vart dumt å gje seg etter berre eit år», smiler Ane Marte. Ho synes det har vore flott å vera kjent med ungdomane dette året og vil gjerne følgja med dei vidare.

Dei to nye jentene legg ikkje skjul på



**Teamet på kanotur:** Maria Markussen og Maria Vårvik på

at dei er spente på året som ligg føre, men dei gler seg til nye utfordringar og særskild til å ha andakt. «Og så vert det veldig kjekt å møte borna og ungdomane. Nokon har vi allereie fått møtt og dei var det kjempekjekt og lett å koma i kontakt med.»



kanotur første helga i Øygarden. Innfelt: Ane Marte Mikalsen tar eit år til i team.

## Samarbeid med NLM

Kyrkja i Øygarden har alltid hatt eit nært forhold til mange av misjonsorganisasjonane. Norsk Luthersk Misjons-samband er ein av dei. Dei siste 10 åra har ein konkret hatt godt samarbeid om eit barne- og ungdomsteam som NLM tilset. Kyrkja i Øygarden er med og finansierer

teamet som bruker mesteparten av si arbeidstid i Øygarden. Marta Leodo er leiar i NLM Ung i regionen. Ho er også svært nøgd med samarbeidet. «Målet til NLM er Verda for Kristus. Vi trur vi oppnår noko av dette gjennom arbeidet i Øygarden. Vi ser det som verdfullt når

vi får moglegheit til å følgje opp born og ungdom over tid. Det er viktig for at dei skal verta disiplinar. Det er også flott av vi kan samarbeide økonomisk om å få til eit team. Då trur eg vi begge rekk lenger!»

# Unge og Sprell-levande



**Tekst:** Olav Martin Vik **Bilete:** Isabell Dale Heggøy

Talet på deltakarar på gudstenestene aukar og gudstenester med innhald for og av born og unge er populære. Utover hausten vert det fleire slike gudstenester. Notér deg datoane for Sprell-levande gudstenester, familiegudstenester og ungdomsgudsteneste.

## Sprell-levande gudstenester

28. september kl. 11 i Blomvåg kyrkje.  
– Barnekoret Lyskastaren.

26. oktober kl. 11. i Blomvåg kyrkje  
– Gospel Teens

19. oktober kl. 11. i Hjelme kyrkje  
– Barnekantoriet

30. november kl. 11 i Hjelme kyrkje  
– Barnekantoriet

## Ungdomsgudsteneste

16. november kl. 17. i Hjelme kyrkje  
– Gospel Teens

# Fornying

**Tekst:** Olav Martin Vik


Øygarden kyrkjelege fellesråd har gjort fleire investeringar som ligg utanfor den budsjetterte ramma. Verksemda er omfattande og mykje utstyr skal fungera slik at arbeidet kan gjerast. I løpet av eit år kan det mælda seg behov for fornying. Kommunetyret i Øygarden løyvde særskilt midlar til reparasjon av orgelet i Hjelme.

Orgelet i Hjelme kyrkje vert repaert/overhala. Men det kan ikkje skje før nærmere påske i 2015. Leverandøren har ikkje tid før. Orgelet har vore svekka teknisk sett dei to siste åra. Ventilar og pakningar vert skifta ut. Dette orgelet og orgelet i Blomvåg vert stemt.

Bårerommet ved Blomvåg kyrkje får nytt kjøleaggregat i haust. Eksisterande aggregat er utslitt. Bårerommet skal ved bruk halda ein temperatur på ca 4 grader. I sommar har aggregatet gått kontinuerleg på grunn av talet på gravferder og varme.

Telefonsystemet på kyrkjekontoret vert skifta ut. Sidan 1996 har kyrkjekontoret hatt felles telefonsystem med Øygarden kommune. Kommunen har skifta til nytt system og kyrkjekontoret må no kjøpa eige telefonsystem.

IKT-ustyret ved kyrkjekontoret var for lengst utgått på dato, utan fornying av programvare frå leverandørane. Det var difor naudsynt å gjera ei fornying før både utstyr og programvare slutta å virke.



## SYNG MED ØSS-KVELD!

Set av laurdag 1. november kl. 18 og kom til Øygarden Kulturhus.

I høve kommunen sitt 50 års jubileum vil det verta stor songkveld i Kulturhuset denne lørdagen. Bedehusa har ein sterk historie i Øygarden i langt over 50 år, så då er det naturleg å ha ei stor markering dette året med litt av bedehuskulturen. Det vert mykje song og musikk av forskjellig sjanger med lokale krefter.

Kom og opplev ein superflott kveld!

- Salmar
- Lovsong
- Kristen pop
- Vitnesbyrd
- Gjesteopptreden av Immanuel, Øygarden Gospel og Gospel Teens.
- Kafè

Arr: INRI Rong og Vik bedehus

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand–fred kl.07.00–23:00

Lørdagar 08:00–21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

*Solstrands Begravelsesbyrå*



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )



Trenger du  
noen å snakke med?

**815 33 300**

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

**Vest Modul AS**

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.

Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

**Øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40

Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s  
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**trend**  
**frisør** RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

**VESTGAR ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: [post@vestgarelektr.no](mailto:post@vestgarelektr.no)  
[www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)



**Torsvik**  
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062  
[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud &  
kroppspiele skifter  
navn til

LT hudpleie

Og har flyttet til  
Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.  
Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

**Bergen og Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Krut Helge  
Polden



Etien  
Polden



Tom  
Wilson



Heine  
Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5333 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Til lukke

### 70 år

- 11. sept** Hjørdis Hellesund, Perhusbakken 4
- 11. sept** Johnny Nautnes, Stormyvegen 2
- 16. sept** Gerd Jorunn Vik, Sjøvegen 17
- 21. sept** Bjørg Orlaug Askeland, Medarseta 18
- 21. sept** Petra Karin Oen, Krokhøyen 12
- 8. okt** Gro Andersen, Jensvarden 40
- 14. okt** Harald Fosse, Austlandet 9
- 14. okt** Reidar Sellevoll, Austemarka 16

### 75 år

- 6. sept** Kristen Ingmar Sjo, Blomenutåsen 4
- 12. sept** Oddbjørg Anna Vik, Raunholevegen 19
- 22. sept** Gerd Herdlevær, Arsettunet 22
- 19. okt** Arne Mikjell Andersen Torsvik, Vågevegen 24

### 80 år

- 8. sept** Oddlaug Johanne Solås, Storhøyen 1
- 5. okt** Norvald Nikolai Hetlevik, Hellesøyvegen 52

### 85 år

- 12. sept** Magda Olsen, Sundevika 49
- 17. sept** Knuth Godtfred Wahl, Myrane 51
- 2. okt** Astrid Rong, Moldbrekkene 8
- 18. okt** Mons Semshaug, Åkletten 19

### 90 år

- 12. sept** Alida Fjeldstad, Øynesvegen 24

## Døde

### Blomvåg

- Malena Karolina Torsvik, Torsvik f. 1922
- Lars-Morten Rong, Blomåsen f. 1987
- Ingebjørg Oen Austefjord, Sandsli f. 1953
- Marino Jan Helland, Tjødnarvg, f.1945
- Magnus Olav Sæle, Pålsneset f. 1933
- Anton Albert Torsvik Nilsen, Torsteinsvik. f.1938
- Olav Anders Herdlevær, Tjødnarvg, f.1926
- Anny Andora Sæle, Tjødnarvg, f. 1927
- Helge Bernhard Sæle, Sære Sæle f.1953
- Nils Antonsen Torsvik, Løten f. 1929
- Willy Dale, Tjødnarvg, f. 1960
- Aud Margrete Bjørge, Raudhammaren, f 1945
- Margrethe Mathilde Torsvik, Moldbrekkene f. 1930

### Hjelme

- Hans Storedale, Tjeldstø f.1937
- Gerhard Sture, Alvheimsvg, f 1933
- Anna Oliva Harkestad, Fyllingsdalen f. 1920
- Laila Dreyer, Tjeldstøvg, f. 1945
- Mathea Tonheim-Alvheim, Alvheim f. 2014
- Torstein Busch Hjelme, Hjelme f. 1965
- Leif Andreas Sagstad, Nautnes f. 1928

## Gudstenester

### 07.sept Hjelme kyrkje 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten.  
Konfirmantpresentasjon.

### 14.sept Blomvåg kyrkje 11.00

Høgmesse v/ Espen Tveten. Jubileum for  
50års-konfirmantar. Tale ved Knut Dale. Song av  
Arne Pareli Pedersen

### 21.sept Hjelme kyrkje 11.00

Høgmesse v/ Helge Unnland. Nattverd

### 28.sept Blomvåg kyrkje 11.00

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten.  
Song av Lyskastarenbarnekor

### 05.okt Hjelme kyrkje 11.00

Høgmesse v/ Helge Unnland. Nattverd.

### 12.okt Blomvåg kyrkje 11.00

Høgmesse v/ Espen Tveten. Dåp og nattverd.

### 19.okt Hjelme kyrkje 11.00

Familiegudsteneste v/ Espen Tveten. Song av  
Barnekantoriет.

## Offer i kyrkjene

### Blomvåg

- 05.01 Kyrkjelydsarbeidet kr. 4541
- 19.01 Nordhordland indremisjon kr. 4287
- 02.02 Biblskulen bildøy kr. 3089
- 16.02 Bergen søndagsskulekrets kr. 5075
- 02.03 Det norske bibelseskap kr. 2339
- 16.03 NLM – Barnas misjonsprosjekt kr. 6052
- 30.03 Sygna vidareg.skule kr. 2070
- 13.04 Normisjon kr. 3786
- 21.04 Kyrkjelydsarbeidet kr. 1450
- 27.04 Den Norske Israelsmisjon kr. 3124
- 03.05 Kyrkjelydsarbeidet kr. 3851
- 10.05 Familie & Medier kr. 2154
- 11.05 Kyrkjelydsarbeidet kr. 3014
- 17.05 kyrkjelydsarbeidet kr. 3379
- 25.05 KRIK kr. 3649
- 08.06 Fjellhaug bibelskule kr. 4620

### Hjelme

- 01.01 Kyrkjelydsarbeidet kr. 3890
- 12.01 Biblskulen Bildøy kr. 2158
- 26.01 Det Norske bibelselskap kr. 4963
- 09.02 Bergen søndagsskulekrets kr. 4213
- 23.02 Kyrkjelydsarbeidet kr. 3964
- 09.03 Nordhordland indremisjon kr. 3180
- 23.03 Ung kirkesang kr. 2360
- 06.04 LAGET kr. 3861
- 10.04 Kyrkjelydsarbeidet kr. 4557
- 17.04 Kyrkjelydsarbeidet kr. 2570
- 20.04 Normisjon kr. 7454
- 04.05 Familie &Medier kr. 7084
- 17.05 Kyrkjelydsarbeidet kr. 4736
- 18.05 Kyrkjelydsarbeidet kr. 650
- 01.06 Kyrkjelydsarbeidet kr. 4687
- 09.06 Fjellheim bibelskule kr. 2310
- 15.06 Den norske Israelsmisjon kr. 2820

## Døpte

### Blomvåg

- Sofie Drange Torsvik, Tollbuvegen
- Alida Fjeldstad, Grønhaugvegen
- Amanda Skarsvåg, Knappestigen
- Tobias Kaalaas Håland, Vasskarbrekka (Fjell kyrkje)
- Daniel Dåvøy Skår, Råkebakkane
- Sebastian Kuven, Blomenutåsen
- Andrea Lovise Sellevoll, Gjetlingavegen
- Johannes Alexander Alvær Hammer, Austemarka
- Zander Knarvik, Skjoldingsneset

## Vigde

### Blomvåg kyrkje

- Julie Agathe Sandøy Rong og Thomas Oliversen
- Kirsten Hjelme og Torstein Busch Hjelme
- Katrine Halvorsen og Martin Olsen
- Stine Marit Turøy og Christopher Oretap
- Sonja-Beate Misje og Arild Hansen
- Mari Jeanette Tjong og Erlend Utskot Botnen
- Marita Turøy og Tore Solsvik
- Silje Pedersen Torsvik og Anders Einevoll Torsvik

### Hjelme sokn

- Silje Teige og Eirik Oliversen ( Sund)
- Kari Fjeldstad og Egil Eikanger (Reykjavik, Island)

## Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes  
Tlf: 53 42 04 62

Vi har det meste til de fleste hobbyer!

Bunad - Scrapbooking - Kunstmaling  
Quilting - Strikking - Hobby til barn

Treff oss på: [www.stoffbuabremnes.no](http://www.stoffbuabremnes.no)

## ÅGOTNES TANNHELSETEAM

Tannlegene  
Benedikte Kolbeinshavn og  
Sissel Blom

Vi tar imot gamle og nye pasienter!

Telefon: 96 90 44 00

### Ågotnes Tannhelseteam

Ågotnes Helsehus  
Skjærgårdsvegen 1374  
5363 ÅGOTNES

Telefon: 96 90 44 00  
[www.tannhelseteam.as](http://www.tannhelseteam.as)  
[post@tannhelseteam.as](mailto:post@tannhelseteam.as)



# Den norske kyrkja i Øygarden

ØYNYTT – KYRKJEBLAD FOR ØYGARDEN

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik  
**I redaksjonen:**

Hogne Berland,  
Olav Martin Vik,  
Kari Sandøy Rong,  
Espen Tveten og  
Anders Vik

**Kontingent:** Min. kr 125,- innan  
kommunen  
Min. kr 175,- utanom  
kommunen

**Takkeannonser:** kr 100,-  
**Kontonr.:** 3628.07.02557  
**Trykk:** Bodoni  
**Distribusjon i Øyg.:** Sanden budservice,  
tlf. 456 13 416

**Kyrkjekontoret:** Måndag–fredag:  
**Ekspedisjonstid:** 09.00–15.00

**Besøksadresse:** Rong senter, 2. etasje  
**Postadresse:** Boks 144, 5331 Rong  
**Telefon:** 5638 2240  
**Faks:** 5638 2241  
**Vakttelefon prest:** 5638 2244  
**E-post:** kontor@kyrkja.net  
**Nettside:** www.kyrkja.net  
**Facebook:** KyrkjaØygarden

**Staben**

**Kyrkjeverje:** Olav Martin Vik  
**E-post:** kyrkjeverje@kyrkja.net  
**Tlf.:** 5638 2244 / 9326 4400

**Sokneprest::** Espen Tveten  
**Tlf.:** 5638 2244  
**E-post:** sokneprest@kyrkja.net

**Kontorleiar:** Kari Sandøy Rong  
**E-post:** kontor@kyrkja.net

**Kyrkjelydspedagog:** Hogne Berland  
**E-post:** pedagog@kyrkja.net

**Kantor:** Anne Lise Grøm  
**E-post:** kantor@kyrkja.net  
**Tlf.:** 9188 1208

**Diakonimedarb.:** Bjørg Blom  
**E-post:** diakon@kyrkja.net  
**Tlf.:** 4781 6181

**Blomvåg kyrkje:** Kåre Kristoffersen  
Kyrkjepar/  
kyrkjegardsarb.  
**Tlf.:** 9110 5197

**Hjelme kyrkje:** Janesh Amena  
Kyrkjepar/  
kyrkjegardsarb.  
**Tlf.:** 9582 3472

**Blomvåg kyrkje:** 5638 7022  
**Hjelme kyrkje:** 5638 8030

**Råda:** Øygarden sokneråd og  
Øygarden kyrklege  
fellesråd  
**Leiar:** Erling Vik

**Vakttelefon prest:** 5638 2244 (dagtid)

## Beredskapstelefon

Kveldager fra kl. 17.00 til neste dag kl. 08.00  
og heile lørdag og søndag tlf. 9548 3655.  
Beredskapstelefonen gjeld for tenester som  
ikkje kan venta og dødsbod.

[f/kyrkjaioygarden](#)

**Returadresse:**  
**ØYNYTT**  
**Boks 144**  
**5331 RONG**

**B**  
posten

NOREG P.P. PORTO BETALT

Øy Nytt

DISTRIBUERAST AV  
POSTEN NORGE



## Sions omsorgssenter på Tjeldstø

I handelsbygget på Tjeldstø ligg Sion sine lokale. Her driv frivillige Sions omsorgssenter. Dette er eit lågterskeltilbod til einsamme, eldre og andre som har behov for å koma ut og møta andre på dagtid.

**Tekst og bilet:** Olav Martin Vik

### Forsamlinga Sion

Eg møter forstandar Karstein Pahr. Pinsemenigheten Sion som han er forstandar for og leiar, har 53 registrerte medlemer. Møtelokala ligg i same bygget som omsorgssenteret. Forsamlinga har møte fast annakvar søndag og elles møteseriar. På annonserte fredager er det bibelundervisning. Pahr har ansvaret for administrasjon og bibelundervisning og med-pastor Rolf Jørgen Hatletvedt har søndagsmøta. Sjelesorg vert delt mellom pastorane.

### Tysdag og torsdag

Tysdag og torsdag mellom kl. 14 og 18, vert det servert varm mat. Senteret har naturleg ein del stamgjestar og dei kjem til ulike tider alt etter om dei er pensjonistar eller er i arbeid. Middagen er gratis, men det er fritt for å gje ei gave.

### Bestestove med leikerom

Når ein kjem inn på omsorgssenteret der middagsbordet er dekkja vert ein sett tilbake i tid. Møblement, vegguret og bileta gir romma eit koseleg og varmt preg og det er som om eg er tilbake i bestefar og bestemor si stove. Eit leikerom for born bryt dette og fortel om at ein har tenkt på alle aldrar.

### Frivillige hender

3 team a 2 personar har ansvaret for å laga middag. Dei går i turnus. Det er Laila Dale Alvheim og Torhild Danielsen som har ansvaret for denne delen av verksamda, fortel Karstein Pahr som er stolt og glad over frivillig engasjement både i omsorgssenteret og i forsamlinga.

### Magdalenakonseptet

Karstein Pahr viser meg rundt i bygget. Sions omsorgssenter på Tjeldstø som vart opna i februar 2012, vert driven etter Magdalenakonseptet. Kafé Magdalena i Bergen vert driven av Kirkens bymisjon med lave prisar og høg trivesl. Slik er og tanken med omsorgssenteret på Tjeldstø. Visjonen var å ha eit tilbod til einsamme, eldre og menneske som har eit behov for å møta likesinna, slå av ein prat og eta saman, fortel Karstein Pahr.

Omsorgssenteret er eit diakonalt tiltak, utan krav til den som kjem.

Neste nummmer kjem ut 23. oktober. Frist for annonsar 9. oktober.